

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 16.03.2020  
Sakhandsamar: **Øystein Helleseth**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per februar 2020**

**Arkivsak**  
2020/1529

**Styresak 016/2020**

**Styremøte 23.03.2020**

---

## Framlegg til vedtak

Styret tek administrerande direktørs rapportering frå verksemda per februar 2020 til vitende.

## Administrerende direktør si vurdering

Per februar har Helse Førde eit overskot på 3,4 millionar, som er 1 million bak budsjett. Inntekter er 4,4 millionar lågare enn budsjett, men det er eit mindreforbruk 2,6 millionar knytt til driftskostnader. Finansresultat bidreg positivt med 0,8 millionar.

Administrerende direktør registrerer at aktiviteten dei to første månadene er noko bak budsjett innanfor begge dei somatiske klinikkane. Innanfor psykisk helsevern er aktivitet noko høgare enn plan med unntak for TSB. Frå 1. januar vart det innført nye reglar knytt til telefonkonsultasjon og nye grupper i TFG--ordninga. Uavhengig av dette er aktiviteten likevel noko bak budsjett. På kostnadssida er det eit mindreforbruk innanfor kjøp av helsetenester og andre driftskostnader, medan det er eit meirforbruk på personalkostnader. Når det gjeld personalkostnader er meirforbruk i hovudsak knytt til overtid og ekstrahjelp.

Innanfor fag ser administrerende direktør at føretaket framleis har gode resultat. Det er ei positiv utvikling for ventetid samanlikna med fjoråret. Når det gjeld fristbrot har Helse Førde hatt dette både i januar og februar. Dette er eit område som administrerende direktør har hatt fokus på og vil forsette arbeidet med for å redusere tal fristbrot.

Innan HMS er det ei positiv utvikling i sjukefråværet når vi ser på januar tala. Samla sjukefråvær i Helse Førde var i november 6,4 prosent, som er 0,4 prosentpoeng lågare enn same periode i fjor og 0,1 prosentpoeng lågare enn desember 2019. Administrerende direktør registrer at nedgangen er knytt til langtidsjukefråvær. I februar har ein sett ein tendens til auke i sjukefråværet samanlikna med januar 2020.

Administrerende direktør vil understreke at frå mars og framover vil drifta i Helse Førde vere sterkt påverka av førebuing og handtering av koronaepidemien. Dette vil i stor grad påverke den elektive verksemda og økonomien vår framover. Konsekvensen av dette er at administrerende direktør forventar negative resultat for Helse Førde den næraste tida. Trass i den svært krevjande situasjonen vi har framfor oss, har administrerende direktør til ei kvar tid fokus på å gi pasientane god behandling, ha rett og nok bemanning og utstyr, samt leggje til rette for god drift også i denne tida. Det er så langt etablert god samhandling med andre helseføretak, kommunar og øvrige myndigheiter. Helse Førde har per no god likviditet og det er etablert gode rutinar for ha oversikt over ekstrakostnader som kjem i samband med koronaepidemien. Finansiering for å dekke ekstrakostnadene og inntektssvikten som Helse Førde får som følge av korona, vil måtte bli eit tema seinare.

## **FAG**

### **Ventetid for ventande ved periodeslutt**

Gjeld ventetid for nyttilviste til første behandling eller utgreiing. Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande var 48 dagar ved utgangen av februar (48 i januar). Ventetida er seks dagar mindre enn den var i februar 2019.

### **Ventetid - helsehjelp starta i perioden – måltal 50 dagar**

Gjennomsnittleg ventetid for dei nyttilviste som fekk starta behandling i februar var 60 dagar (61 dagar i januar). Det er to dagar mindre enn dei som vart behandla i februar 2019.

### **Fristbrot samla (ventande/starta behandling) – måltal 0 prosent**

Førebels totalt 29 fristbrot svarande til 0,3 prosent av alle ventande (17 i januar).

Det var 28 nye fristbot svarande til 1,5 prosent av alle med frist i perioden (0,5 prosent i januar).

Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,1 prosent.

### **Direkte timetildeling – måltal 100 prosent (ingen tentative timer)**

Feil funne i rapportgrunnlag. Helse Vest og Dips arbeider med å få frem riktige tal.

### **Andel ikkje møtt**

Stabilt lågt med 1,3 prosent (1,3 prosent i januar). Gjennomsnitt for Helse Vest er 3,6 prosent.

### **Epikrisetider**

Innan 1 dag: somatikk 76 prosent i februar og hittil i år 75 prosent (75 prosent i 2019). Psykisk

helsevern 38 prosent i februar og hittil i år 32 prosent (34 prosent i 2019)

Innan 7 dagar: somatikk 94 prosent i februar og hittil i år 92 prosent (92 prosent i 2019). Psykisk

helsevern 93 prosent i februar og hittil i år 93 prosent (89 prosent i 2019).

### **Korridorpasientar**

Stabilt lågt med 24 korridorpasientar, svarande til 0,3 prosent (0,4 prosent i januar). Gjennomsnitt for Helse Vest er 1,1 prosent.

### **Utskrivingsklare pasientar**

Stabilt lågt med 3 døgn i februar (2 Årdal og 1 i Stryn), svarande til 0,1 prosent av alle liggedøgn (0,3 prosent i snitt i 2019). Gjennomsnitt for Helse Vest er 2,2 prosent.

### **Stryking av planlagde operasjonar**

Det var 19 strykingar av totalt 479 planlagde operasjonar svarande til 4,0 prosent (5,8 prosent i januar). Gjennomsnitt for 2019 var 4,5 prosent.

## AKTIVITET

### Somatikk

Somatikk	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Budsjett	Avvik	I fjor	Avvik
DRG-poeng dag/døgn, A	1 797	1 831	-35	1 840	-43	3 588	3 780	-192	3 637	-49
DRG-poeng poliklinikk, A	422	416	5	409	13	903	862	41	924	-21
DRG-poeng biologiske legemiddel, A	215	211	5	276	-61	688	660	28	843	-155
DRG-poeng tilhøyrande andre regionar, (B)	38	39	-1	24	14	85	78	7	89	-5
<b>SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)</b>	<b>2 472</b>	<b>2 497</b>	<b>-25</b>	<b>2 549</b>	<b>-77</b>	<b>5 264</b>	<b>5 380</b>	<b>-116</b>	<b>5 493</b>	<b>-230</b>
DRG-poeng behandla andre regionar	133	165	-33	176	-44	284	329	-46	322	-38
<b>Sum DRG-poeng eigne pasientar</b>	<b>2 566</b>	<b>2 623</b>	<b>-57</b>	<b>2 701</b>	<b>-134</b>	<b>5 462</b>	<b>5 631</b>	<b>-169</b>	<b>5 725</b>	<b>-263</b>
Tal dagkirurgi/dagbehandling	1 208	1 187	21	1 174	34	2 601	2 495	106	2 509	92
Tal sjukehusopphald	1 508	1 566	-58	1 524	-16	3 602	3 224	378	3 120	482
Tal polikliniske konsultasjonar	10 796	11 032	-236	10 711	85	22 894	23 346	-452	22 544	350

### Perioden

Aktiviteten i perioden var 2 prosent lågare enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 0,8 prosent høgare enn førre året. Samla DRG-produksjon i føretaket var 1 prosent lågare enn budsjett (- 25 poeng) og 3 prosent lågare enn førre året (- 77 poeng).

### Til no i år

Akkumulert er aktiviteten 0,1 prosent betre enn budsjett målt i tal behandla eller undersøkte pasientar og 3,3 prosent høgare enn fjoråret. I forhold til DRG-produksjon er aktiviteten 2,2 prosent lågare enn budsjett (-116 poeng) og 4,2 prosent lågare enn fjoråret (-230 poeng). Samanlikninga mot fjoråret er påverka av mellom anna etterkoding som er gjort etter februar.

### Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	1 518	1 541	-23	1 451	67	3 248	3 201	47	3 076	172
Tal utskrivne pasientar	92	81	11	73	19	201	173	28	151	50
Poliklinisk dagbehandling	24	8	16	21	3	51	17	34	50	1
Polikliniske kons. m/refusjon	2 335	2 347	-12	2 160	175	4 571	4 734	-163	4 545	26
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	515	583	-68	528	-13	1 120	1 174	-54	1 086	34
Tal utskrivne pasientar	17	20	-3	20	-3	40	42	-2	47	-7
Polikliniske kons. m/refusjon	198	286	-88	256	-58	459	622	-163	543	-84
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	137	118	19	91	46	312	216	96	180	132
Tal utskrivne pasientar UPH	6	7	-1	3	3	13	14	-1	7	6
Polikliniske kons. m/refusjon	1 920	1 649	271	1 564	356	3 334	3 547	-213	3 458	-124

#### Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)


Aktiviteten innan PHV i perioden har vore på nivå med budsjett og fjoråret. Beleggsprosenten ved dei distriktpsykiatriske sentera (DPS) er 84 prosent i snitt. Akuttposten hadde 79 prosent belegg i perioden. Også akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret.

Innanfor rus har vi lågare aktivitet enn plan, også lågare enn same periode i fjor. Akkumulert ligg vi ein del bak både budsjett og fjoråret. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane var 65 prosent i perioden.

#### Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten i perioden har vore høgare enn både plan og fjoråret. 79 prosent belegg ved UPH i perioden. Akkumulert er aktiviteten høgare fjoråret.

## Beleggsprosent



Beleggsprosenten i perioden er 84 prosent i snitt på DPS, og 65 prosent på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 79 prosent i perioden. Akuttposten hadde eit belegg på 79 prosent.

## ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	165 035	165 035	0	324 210	324 210	0
Inntekter pasientbehandling	68 662	69 072	-410	142 281	146 836	-4 555
Øymerka tilskot	3 097	2 743	353	5 707	5 667	39
Andre driftsinntekter / Eigendelar	14 267	13 354	913	27 624	27 462	163
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>251 060</b>	<b>250 204</b>	<b>856</b>	<b>499 822</b>	<b>504 175</b>	<b>-4 353</b>
Kjøp helsetenester	-13 612	-14 915	1 303	-26 815	-29 831	3 015
Varekostnad	-24 842	-24 862	20	-50 212	-50 156	-56
Innleige personell	-1 475	-1 614	139	-3 302	-2 714	-588
Personalkostnader	-144 687	-142 669	-2 018	-289 348	-287 098	-2 250
Pensjonskostnad	-14 621	-20 667	6 046	-29 225	-41 334	12 109
Ordinære avskrivningar	-6 070	-6 500	430	-12 101	-13 000	899
Andre driftskostnader	-37 229	-36 690	-539	-73 875	-75 458	1 583
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>-242 537</b>	<b>-247 917</b>	<b>5 380</b>	<b>-484 878</b>	<b>-499 591</b>	<b>14 713</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>8 524</b>	<b>2 287</b>	<b>6 237</b>	<b>14 944</b>	<b>4 584</b>	<b>10 360</b>
Finansinntekter	594	200	394	1 258	400	858
Finanskostnader	-337	-320	-17	-720	-651	-69
<b>Finansresultat</b>	<b>257</b>	<b>-120</b>	<b>377</b>	<b>538</b>	<b>-251</b>	<b>789</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>8 781</b>	<b>2 167</b>	<b>6 614</b>	<b>15 482</b>	<b>4 333</b>	<b>11 149</b>
Korrigering pensjonskostnader	-6 046	0	-6 046	-12 109	0	-12 109
<b>Korrigert resultat</b>	<b>2 735</b>	<b>2 167</b>	<b>568</b>	<b>3 373</b>	<b>4 333</b>	<b>-960</b>

### Perioden

Resultatet i perioden var eit overskot på 2,7 millionar, som er 0,6 millionar betre enn budsjett.

Inntektene er 0,9 millionar betre enn budsjett. Inntekter knytt til pasientbehandling er 0,4 millionar bak budsjett. Aktiviteten målt i DRG-poeng var 25 poeng lågare enn budsjett. Øymerka tilskot er i hovudsak knytt til prosjektmidlar.

Sum driftskostnader i perioden var 5,4 millionar lågare enn budsjett. Det var eit mindreforbruk på 1,3 millionar knytt til kjøp av helsetenester, medan det var eit meirforbruk på personalkostnader på 1,9 millionar justert for pensjonskostnader. Pensjonskostnaden for året vert lågare enn budsjettet. Helse

Vest informerte om at vi skulle ta med kostnaden i rapporteringa og korrigere for pensjonen etter «ordinært resultat».

### Akkumulert

Akkumulert resultat er 3,4 millionar, som er 1 million dårlegare enn budsjett.

Inntekter er 4,4 millionar lågare enn budsjett og det er eit mindreforbruk 2,6 millionar knytt til driftskostnader etter justering for pensjonskostnader. Finansresultat bidreg positivt med 0,8 millionar.

Inntekter knytt til pasientbehandling var 4,5 millionar lågare enn budsjett. I forhold til DRG poeng var aktiviteten 169 poeng bak budsjett inkludert gjestepasienter. Innanfor H-resept var inntektene 0,6 millionar høgare enn budsjett. I forhold til resultat bidreg H-resept positivt med 0,4 millionar.

Kjøp av helsetenester er det eit mindreforbruk på 3 millionar. Dette er knytt til både kjøp av tryggleikspostar og andre behandlingss plassar innan psykiatri på omlag 0,9 millionar og 1,7 millionar lågare kostnader enn budsjettet knytt til gjestepasientar andre regionar innanfor somatikk.

Personalkostnader har eit meirforbruk på 2,8 millionar. Det er eit meirforbruk på både innleige av personell, lønn til fast tilsette og overtid.


I andre driftskostnader er det eit mindreforbruk på 1,6 millionar. Pasienttransport har eit negativt avvik mot budsjett på 0,5 millionar. Resultateffekten for Pasienttransport er negativt med 0,1 millionar på grunn av litt høgare inntekter enn budsjettet.

### Likviditet

Per utgangen av februar 2020 hadde Helse Førde ein positiv likviditet på 315,8 millionar kroner. Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 227,5 millionar kroner som ikkje vert nytta.


## MEDARBEIDARAR

### Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i januar 6,4 prosent. Det er 0,4 prosentpoeng lågare enn same månad i fjor, og 0,1 prosentpoeng lågare enn førre månad.

## Månadsverk




Brutto månadsverk i perioden var 2271. Dette er 63 fleire enn same periode i 2019.  
Netto månadsverk i august var 2131. Dette var 59 fleire enn same periode i 2019.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar). Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.


## KVALITET OG PASIENTTRYGGLEIK

### Synergi

Melde saker i januar 2020 samanlikna med same tidsrom i 2019. Kategorisering er basert på innmelding frå tilsette. Totalt melde saker er 262 mot 192 førre år.





Tabellen under viser melde pasientsaker i januar 2020 kategorisert basert på leiarane si klassifisering. Saker som ikkje er klassifisert/behandla av leiarar er ikkje med. Dette er 39 saker i januar 2019.



I forhold til alvorsgrad i melde saker er det innført eit nytt klassifiseringssystem i Synergi. Tidlegare vart det skilt mellom saker med eller utan konsekvens for pasienten innanfor kategoriane pasient, HMS, drift og IKT. Frå nyttår vart det obligatorisk å klassifisere alvorsgraden av hendinga og risikoen knytt til liknande hendingar. Sakstypen IKT blei endra slik at denne heiter no Informasjonstryggleik og personvern. Saker som gjeld IKT er flytta til drift. Samhandlingssaker var tidlegare ei eiga sakstype, som no er flytta til pasientsaker. Det er næraste leiar til den som melde saka som vurderer alvorsgraden.

Grafane under viser kor mange saker som er klassifisert i dei ulike alvorsgradene i januar 2020. Ein del saker frå januar 2020 er ikkje klassifisert av leiarar og er derfor ikkje med.






## Trygg kirurgi

Sjekklista for trygg kirurgi er implementert og i bruk i Helse Førde. Utviklinga syner stabil registrert bruk av sjekklista på nær opp til 100 prosent.


### TryggKirurgi



## Trygg pleie


Tiltakspakken trygg pleie registrerer gjennomført screening av pasientar for å avdekke risiko for fall, trykksår og ernæring. Figurane viser utvikling for dei siste 12 månedene.

Målet er at 90 prosent av pasientane skal screenast. Føretaket har ikkje klart å oppfylle målsetjinga for nokon av områda fall, trykksår og ernæring.




Snittet for Helse Førde er 73 prosent i februar mot 72 prosent i januar.

### TRYKKSÅR - andel risikovurderte pasientar



Snittet for Helse Førde er 69 prosent i februar mot 68 prosent i januar.


### ERNÆRING - andel risikovurderte pasientar




Snittet for Helse Førde er 61 prosent i februar mot 56 prosent i januar.

## Oppfølging sepsis i akuttmottak

Pasientar med mistenkt infeksjon blir triagert innan målet på 10 minutt etter at dei har kome i akuttmottak. Vi er innanfor tidsgrensa i forhold til både mediantid og gjennomsnittleg tid.



Tid for oppstart av antibiotika på raude pasientar. Tidsgrensa er 60 minutt og vi er innanfor både i forhold til mediantid og gjennomsnittleg tid.



Tid for oppstart av antibiotika på raude og orange pasientar. Tidsgrensa er 60 minutt og vi er innanfor både i forhold til mediantid og gjennomsnittleg tid.

